

VEDLEGG 5.5

**Masseuttak i Hanslien  
Gnr 161 bnr 9  
Vågå kommune**

**Driftsplan**

Vågå, den 1.november 2004  
Revidert 29.oktober 2014

Område for masseuttak er delt i fire uttaksområde.

Uttaksområde 1: 16 daa, uttak ned til kote 335

Uttaksområde 2: 9 daa, uttak ned til kote 335

Uttaksområde 3: 10 daa, uttak ned til kote 335

Uttaksområde 4: 10 daa, uttak ned til kote 340

Uttaksområde 1-3 utgjer eit felles område, medan uttaksområde 4 ligg for seg sjølv.

Uttaksområde 1 er tømt for grus og tener som lagringsplass og område for knusing av masser frå område 2. Skråningane er ferdig istandsett i 1:2. I område 1 vart det i nord avdekt ein forekomst av leire som førte til at ein måtte noe inn i uttaksområde 3 før ein startet på uttaksområde 2 for å få betre struktur på uttaket. Uttaksområde 4 er ikkje brukt så langt i planperioden.

Leireforekomsten vil bli brukt til å dekkje skråninga med tanke på betre plantevokst jmf. Pkt. 3 i avslutningsplanen.

I uttaksområde 4 er det eit eksisterande uttak som dekkjer 4 daa ned til kote 347.

Området er avgrensa med ein 2 m høg voll mot fylkesveg 436. I denne vollen er det sett inn ein port med lås. Det er ikkje behov for andre fysiske sikringstiltak da uttaka utføres på ein slik måte at det ikkje er fare for ras.

Drifta av massetaket skjer med hjullastar, gravemaskin og harpeverk. Ein gong årleg leiast det inn knuseverk.

Det er ikkje tilførsel av elektrisk kraft til området, og det er heller ikkje aktuelt å sette opp brakker eller lignande. Aktiviteten i uttaket er begrensa til knusing i ei stuttare periode kvart år, samt lessing av masse for uttransport.

Med dagens uttak reknar vi med å drive grustaket i 10-20 år fram i tid.

## Avtaler og rettar

Området er eigd av Line og Harald Sve Bjørndal, som og eig og driv landbruksareala rundt. Dei driv uttaket i samarbeid med aktuell entreprenør.

Området er vist som masseuttak i Kommunedelplan Vågå nord, medan områda rundt er vist som LNF1-område med retningsliner som opnar for spreidd bustadbygging.

## Godkjent reguleringsplankart

«Reguleringsplan for Hanslien gnr.161 bnr. 9, masseuttak» er godkjend i Vågå kommunestyre 09.03.04, sak 05/04. Plankart og føresegner er tidlegare sendt Bergvesenet, nå Direktoratet for mineralforvaltning.

## **Plan for drift**

1. Uttaksområde 1 tener som lastesone og lager for ferdig foredlede masser og avdekningsmasser samt oppstilling av knuseverk.
2. Rekkefølgen av uttak er uttaksområde 2 så uttaksområde 3. Uttaksområde 4 kan brukast uavhengig av dei andre uttaksområda. Driftsretningen for dette området er mot nabo for å få størst mogleg skjerming.
3. Uttaket skjer på ein måte som gir stutte skrenter og helling utføres i 1:2 så snart som mogleg.
4. Avdekningsmasse samlast for å tilførast skråningane og uttaksplanet så raskt som mogleg.
5. Stein samlast i uttaksområde 1 for å bli knust ved første anledning.

## **Kommentarar til kart og profiler**

Følgjande kart er lagt ved driftsplanen:

Oversiktskart 1:5000 med tilhøyrande føremål i Kommunedelplan Vågå nord.

Kartet viser uttaket sin plassering i Ottadalen, også sett i forhold til Lalm tettstad.

Kopi av reguleringsplankart med omliggjande område 1:5000

Kartet viser dei ulike uttaksområda, vegar og vegetasjonssoner. Kartet vier også namn med gards- og bruksnummer på dei nærmeste eigendomane.

Driftsplankart 1:1000

Kartet viser grenser for dei ulike uttaksområda med eksisterande uttak og utviding av desse. Kartet viser vidare driveretning og profil for dei ulike områda.

I profila er det vist eksisterande terreng før driftsplanen vart utført med heiltrekt line og terengprofil etter uttak med stipla line.

## **Avslutningsplan**

1. Ein tek no ut masser i uttaksområde 2 før ein går over i uttaksområde 3. Det blir ein glidande overgang da ein ikkje vil ha før høge skrentar.
2. Uttaksområde 1-3 skal avsluttast med skråning 1:2.
3. Uttaksområde 4 startast når 2 og 3 er ferdige. Uttaksområde 2 brukast då som areal for knusing og lagring for å hindra støv og støy til nabo. Uttaket her avsluttast plant mot omliggjande terreng.

4. Ein ser no at det mest heldige for etterbruken til landbruksformål er å få skråninga i tiltaksområde 1-3 på 1:4,5 og likeeins å få golvet i uttak 4 i plan med omgjevnadene. Dette fører til at ein må utvide det regulerte området noko, og ein får større mengder grus til disposisjon. Dette er spela inn til rullering av kommuneplanen, og ein må revidere reguleringsplan på grunnlag av dette for å få ein ny driftsplan.

**Underskrifter**

Line Hanslin Bjørndal

Line Hanslin Bjørndal

Harald Sve Bjørndal

Harald Sve Bjørndal

